

Halling- ljom



Fagblad for Hallinglaget - i Oslo -

- N.R. 2/24

Innhald

| | | |
|--------------------------------------|------|----|
| Innhaldsliste | side | 3 |
| Fyriord | side | 4 |
| Sommaravslutninga | side | 5 |
| Lagdansen vår på Gol | side | 6 |
| Landskappleiken på Gol | side | 9 |
| Ulf-Arne bidrog bra på Gol | side | 10 |
| Svein Aasen – ein unik dansar | side | 11 |
| Jubileumsfest 5. okt. | side | 12 |
| Stort helgekurs 19.-20. okt. | side | 12 |
| Program for hausten | side | 13 |
| Hallingbu – vårtur | side | 14 |
| Hallingbu – rep. av stoveglas | side | 15 |
| Hallingbu – kjøpt i 1955 | side | 17 |
| Folk i farta - Lars | side | 18 |
| Folk i farta - Kjetil | side | 19 |
| Infoside om Hallinglaget | side | 20 |
| Folkedanskveldar | side | 21 |
| Styret i Hallinglaget | side | 22 |

Fyriord

Hallinglaget ynskjer alle velkomne til ein aktiv haust i Jubileumsåret! Laget er 125 år i år!

Året har vore bra so langt, med særskilte gode øvingar og med ei påmelding til Lagdans som me ikkje har opplevd før! Heile to lag med til saman 17 par (9 + 8 par), dvs. heile 34 dansarar stilte på Landskappleiken på Gol i juni dette året. Det var overveldande, og *Gol fekk de te!* - det vart ein kappleik som stod til gull. No har laget ein så fantastisk fin gjeng som kan danse, så det er berre å satse på ein ny super haust.

Eg håper alle finn noko av interesse i dette bladet vårt, det beskriv noko av det me driv på med, slik at me får dokumentert det for ettertida. Underteikna brenn for bladet, og setter veldig pris på alle bidrag som kjem inn. Det skulle også ha vore meir historisk stoff i dette nummeret, men leiaren fekk ikkje tid til det – så det får kome i seinare lagsblad.

Dei siste åra har vore bra for Hallinglaget, med særskilte gode danseøvingar og kurs! Me blir lagt merke til, og vil fortsetja med å skipa til morosame og inspirerande danseøvinga framover. Ein stor takk til vår særskilte dyktige og inspirerande danseleiar Ulf-Arne Johannessen som instruerer på beste måte. Ulf-Arne er også ein meister i å spele til dans på einpikkar (einrader dursspel). For særskilt viktig med dans er eit gnistrande godt dansespel! Og det er ikkje berre vår eigen A-klassse spelemann, Åsmund Fauske Jøtun, som får uts ut på golvet. Hallinglaget har vore så heldige at me har hatt oppimot ti spelemenn som kan spele for uts, men denne hausten har to flytta frå Oslo for kortare eller lengre tid. Hallinglaget håper desse vil kome innom laget når de er i byen. Noko som også er viktig er alle dei gode danserane som me har med på øvingane og som får alle til å danse!

Folkemusikken og dansen står sterkt i Oslo, det er vel ingen stad i landet ein kan danse meir enn her, så følg med og få med deg dans og moro framover. Dans er sosialt og god trim for unge og eldre. Sett av helgene me har denne hausten, Jubileumsfest saman med Valdrelaget 5. oktober og vårt klassiske helgekurs i Hallingspringar helga 19.-20. oktober. Sjå programmet vårt og registrer deg så du får info. tilsendt.


Det har vore noko aktivitet på Hallingbu denne sommaren også, det er mykje å lese om dette i bladet! Med eigen hytte vil utfordringar kome – også i år! Men hytta vår er unik og ligg midt i eventyret.

Hallinglaget sin logo er me stolte av og viser eit par i ein herleg hallingspringar. Det er moro og rart at våre eigen dans kan glede så mange i hovudstaden. Me har dansarar frå heile landet og frå fleire land ... og velkomne er alle som liker å danse. Velkommen til ein fin dansehaust.

Si frå om du kjenner nokon som er interessert i hallingkultur, så får me dei med på ei øving...

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!

*Beste helsingar frå
Terje Grangård,
Leiar i Hallinglaget*



Sommaravslutninga 2024



Sommaravslutninga 2024! Mykje folk, deriblant mange ungdomar som er glade i å danse samlast i Hallinglaget ! Hurra ! 😊

Fotograf: Hallinglaget v/Åsmund? Biletet er også på Facebook sida vår: Hallinglaget i Oslo.

Hallinglaget dansa Lagdans i Gol – med heile 2 Lag og 17 par!

Lagdans er populært! – Hallinglaget sprengde alle grenser dette året, alle som ville fekk danse og det vart ikkje få! Heile 34 dansarar meldte seg på, ein uslåeleg rekord, men så var det også Landskappleik på heimebane i Gol i Hallingdal. Og for ein Landskappleik det vart, den beste på lang tid der alt gjekk på skinner og alt var organisert på beste måte. Alle fekk tildelt øvingsrom ein heil halvtime før ein måtte koma seg over til den store Idrettshallen der tevlingane gjekk.

Takk til Knut Skrindo som styrte med å få sett opp laga! Jobben vart vanskelegare enn fyrst tenkt då mange av våre kjære dansarar er så ivrige at dei dansa med både to og tre Lag! Typisk BUL som hadde med heile tre lag! Desse laga dansa rett før Hallinglaget sitt fyrste lag som gjekk ut som lag nummer 9 (av 39 lag!). Det viste seg raskt at dei som skulle danse med Leikarringen BUL vanskeleg kunne danse med vårt fyrste lag om dei trengte øving! – nokre måtte faktisk gå rett frå det eine laget til det neste utan pause! – tre personar fekk faktisk ikkje tid til å ta biletet heller!

Dette året hadde Hallinglaget ei ekstra øving i Blåsalen i juni for dei som skulle danse Lagdans og om lag 25 stilte opp på denne øvinga 19. juni. Det vart ei triveleg øving med fokus på lagdans, halde ringen og samkøyre rundsnuen og være blide og glade. Eg synes me klarte det i år. Og det at alle var på plass i Gol, midt på dagen siste fredagen i juni (28. juni), utruleg bra berre det. Noko då det beste med Lagdans er den trivelege øvinga før ein går på scena, då er ein skjerpa i finstasen og får godkjensla med den ein skal danse meg og med dei andre i laget. Og med spelemannen sjølv sagt! Ein stor takk til våre supre spelemenn Ulf-Arne Johannessen og Arne Anderdal som spelte for Lag 1 og Lag 2 – meir info nedanfor

Det var så viktig at «alle fekk dansa» og at me hadde det moro på scena. – dømminga i Lagdans kan vel være so som so etter dei 15 fyrste laga ... dommarane blir slitne forståeleg nok!

Desse særskilt gode folka dansa seg inn i historieboka til Hallinglaget i Gol:

Hallinglaget Lag 1 – fantastisk 8 plass av 39 lag:

Spelemann: Ulf-Arne Johannessen.

Desse dansa: 9 par.

Åsmund Fauske Jøtun og Ane Thingstad

Mattias Thedens og Amalie Kinsarvik Tvilde

Knut Skrindo og Runa Kvalsund

Lars Fivelstad Smaaberg og Helen Engelstad Kvalem

Sigurd Skogdal og Saimi Kortelainen

Kjetil Meberg Myhren og Hedda Hernes

Jon Bugge Mariussen og Ingrid Skrindo

Hallvard Øfstaaas og Nina Losnedahl

Åsmund Dahlin Johannsen og Ingunn Vagstein

Hallinglaget Lag 2 – respektabel 29 plass av 39 lag! Høgt nivå i år!

Spelemann: Arne Anderdal.

Desse dansa: 8 par.

Ulf-Arne Johannessen og Solfrid Nestegard Gjeldokk

Terje Grangård og Else Mohn

Ånund Meberg Myhren og Tilia Hernes Paasche Aasen

Svein Aasen og Elizabeth Svarstad

Unni Johannessen og Ingrid Løkken

Nicolay Bo Fischer Nielsen og Ingrid Lingaas Fossum

Vilma Eline Finvik Johnson og Signe Carlin

Vebjørn Jøtun Fauske og Ingeborg Revheim

At så mange dansar i Hallinglaget og er aktive er eit godt teikn, og me har øvd jamt og trutt dei siste åra. Takk til alle som dansar og øver me uss på dei gilde øvingane våre ...

Referent: Terje Grangård

Bileta som vart tatt av uss etter Lagdansen av Fotograf Per Tomas i Reed Foto vart supre:

Bilde av Lag 1. Ni par, 8. plass av 39 lag! - 80 poeng!



Fyrste rad frå venstre: Nina Losnedahl, Ingunn Vagstein, Helen Engelstad Kvalem, Runa Kvalsund, Ane Thingstad og Saimi Kortelainen.

Andre rad frå venstre: Knut Skrindo, Ingrid Skrindo, Åsmund Dahlin Johansen, og Sigurd Skogdal.

Tredje rad frå venstre: Mattias Thedens, Hallvard Øfstaas, Lars Fivelstad Smaaberg, Kjetil Meberg Myhren, Jon Bugge Mariussen og Åsmund Fauske Jøtun.

Desse mangla (var sikkert på veg til andre øvingar): Amalie Kinsarvik Tvilde, Hedda Hernes og Ulf-Arne Johannessen (spelemann).

Bilde av Lag 2. Åtte par, 29. plass av 39 lag! – 69 poeng!



Fyrste rad frå venstre: Unni Johannessen, Else Mohn, Elizabeth Svarstad, Arne Anderdal (spelemann), Solfrid Nestegaard Gjeldokk, Ingeborg Revheim og Ingrid Løkken.

Andre rad frå venstre: Vilma Eline Finvik Johnson, Signe Carlin, Tilia Hernes Paasche Aasen, Ingrid Lingaas Fossum og Svein Aasen .

Tredje rad frå venstre: Ulf Arne Johannessen, Ånund Meberg Myhren, Nikolaj Bo Fischer Nielsen, Vebjørn Jøtun Fauske og Terje Grangård.

LANDSKAPPLIKEKEN PÅ GOL 2024 – MYKJI LEIK OG MYKJI MORO

Sole kom til Gol desse dagane 26.-30. juni 2024 og etterpå har me mest ikkje sett ho. Det gode veret gjorde sitt te at det kom utåkkeleg med folk til Golgryta desse dagane, men for bøndan vart det vanskeleg. Skulle ønningi gjerast mens veret var godt, eller skulle Landskappleiken trumfe alt? Det kunne gå 50 år til neste gong Landskappleiken kom attende til Gol. For meg vart det eit kompromi.

Jau då, me kommo oss igjennom dette gigantiske arrangementet utan varige me'n, vil eg tru, men eg er usikker? Det var mange ballar i lufta samtidig og desse måtte lande på ein eller anna måte når Lanskappleiken opna 26. juni med Øppningskonsert kl 19.00 i Idrettshallen. Sjølvaste kulturministeren med fylgje var på veg inn kl 18.59, og då me uppdagde med skrekk og gru at ingen hadde tenkt på å reservere plassar for slikt fintfolk, ja då steig blodtrykket eit lite hakk over normalen på ein del av oss. Noko hektisk lauping fram og attende, så ordna det seg til slutt, heldigvis.

No i ettertid når ting kjem på avstand, dukkar det opp tankar og refleksjonar rundt dette arrangementet. Det meste gjekk tross alt veldig bra, så me ha all grunn til å vere eiskrele nøgde. Folkemusikkmiljøet frå heile Hallingdal stilte opp for Golingane og det sko me vere evig takksame for. Til og med Hallinglaget i Oslo vart med. Med so mykji gromfolk som drog i same retningen, måtte dette verte ein suksess, og det vart det.

Men alle medaljar har som kjent ei bakside. Mange friviljuge stod på nesten 24 timer i døgret for å få vaktlistene til å gå rundt. Det røyna på på slutten, og mange var nok letta når laurdagskvelden kom og me sogo ein ende på dette. Fallhogda er sjølvsagt stor, kanskje for stor, når eit lite lokallag som Gol Spel og Dansarlag med ca 30 medlemmer og 50 000 kr på bok, tek på seg eit slike gigantiske arrangement med eit budsjett på kanskje 6 millionar.

Me måtte skaffe nesten 500 friviljuge som skulle drifta denne festivalen. Korleis skulle me få tak i alle desse? Og hvis dei sa ja, kunne me faktisk stole på at dei kom på rett plass til rett tid? Dette var eitt av mange spenningsmoment, men det gjekk forbausande bra. Folk kom og mange nye meldte seg mens kapappleiken var i gang.

FolkOrg var til god hjelp og støtte fyri og under kapappleiken, men me visste ikkje heilt kva me skulle spørje dei om. Det var tross alt 52 år sidan Landskappleiken sist var på Gol. Det eg vil foreslå for FolkOrg, i etterpåklokskapens lys, er at dei bør ha ein gjeng klare, på kanskje 5- 6 personar som fylgjer Landskappleiken frå eitt år til det neste. Desse må kjenne Landskappleiken ut og inn og vere spesielt røynde på slike ting som lokalitetar, tevling, kultur, økonomi, mat, presse, overnatting og camping for å nemne noko. Då kan lokallaget få hjelp til å sikre god framdrift i planlegginga og til å førebu kapappleiken utan å måtte «finne opp krutten på nytt».

Slik eg ser det var det i overkant mange konsertar på kveldstid på denne kapappleiken. Det gjekk ut over den uformelle dansen på kveldane. Men oppslutninga om lynkursa i Hallingspringar på torsdagskvelden og Nordlandpolen på fredagskvelden, var heilt enorm, nesten ekstrem. Dette må vi ha meir av framover!

Alt i alt, mykji positivt å melde frå Landskappleiken på Gol 2024, men det blir nok 50 år til neste gong, vil eg tippe.

Olav Arne Løstegaard i kulturnemnde for Landskappleiken

Ulf-Arne viste klasse på Gol, A-klasse ++

Ulf-Arne Johannessen vant Dans Hardingfele klasse A med dei fantastiske dansejentene Ingunn Stræte og Margit Myhr. Alle er frå Ål og har vore A-klassedanserar i mange år. Ulf-Arne og Ingunn vant A-klassen alt i 2009 på Geilo og då fekk dei også ein velfortent Kongepokal! Men i år var det dans med to følgje som gjaldt og det var eit dans for historia! Få hadde sett ein finare dans, og tenk at eg kom inn i hallen rett før dei kom på scena, snakk om å være på rett stad til rett tid! Svært mange fekk sett dei på Meisterkonserten på sundagen, og det var så ein fekk tårer i augene. Det var ikkje berre dansen som var makelaus, dei som «laga» musikken var ein vokaltrio av beste sort, dei kallar seg Hekate. Bak dette namnet skjuler det seg tre fantastiske damer som kan synge: Silje Risdal Liahagen, Malin Victoria Alander og Synnøve Brøndbo Plassen. Dei tralla ein springar som var eventyrlig vakker, alt stemnte så godt i hop og dansarane svevde verkeleg over golvet, det var heilt magisk! Dei må ha øvd lite også, trur eg – men her var det mange kunstnarar i aksjon, Meir info. ved sidan av biletet nedanfor ...



Biletet er tatt av Knut Utler og syner litt om korleis dei tre sveiv so fint ...
Dei fekk 95 poeng for dansen sin og dei vant Dans Hardingfele med det ja!

Hekate vant også Open Klasse med si fantastiske tralling. Synnøve Brøndbo Plassen vant også Vokal klasse A og fekk med det Kongepokal i år!

Ulf-Arne var også med på å vinne Lagdans Senior med Papalooks (delte 1. plass med Bulder og brak) og han dansa med Hallinglaget Lag2 og spelte for Lag1 som gjorde so bra.
Gratulerer alle som er nemnt her ...



Hallingdølen var også entusiastisk etter den fantastiske dansen og fekk tatt dette biletet!

Her ser me kor nøgde dansarane var ...

Me kan vel også skryte litt av lokalavisa vår, Hallingdølen, som hadde god dekning av Landskapappleiken, både på nettet og i papirutgåvene! Eg kunne sitte å kose meg med desse repostasjene i veka etter kapappleiken, då eg slappa av heime i Flå!

Svein Aasen – Ein dansande eldsjel i Oslo!



Svein Aasen i finstasen på 100 års festen til FolkOrg i Bergen sist haust! Han var med!

Alle som dansar i Oslo kjenner Svein Aasen! Svein er overalt og dansar og blir aldri sliten, han elskar å danse og alle jentene, både unge og eldre vil gjerne danse med ham. Svein har vore A-klassé dansar i 50 år og får stadig ein poengsum som viser at han framleis meistrar kunsten! Å få 75 poeng eller meir på ein kappleik er ikkje lett! På Gol i 2024 fekk Svein og dottera Kjersti heile 80 poeng! Ein kan lure på om dansen hadde overlevd i Osloregionen utan Svein, han er kasserar og altmoglegmann i Numedalslaget og er heilt sentral i Folkedansnemnda i BLS! Det er Svein som har kontakt med alle spelgruppene som spelar for Folkedanskveldane og det er han som set opp Minikursa som er så viktige for rekrutteringa til dansen. Og det er Svein som arrangerer tur til Rørosleiken kvart år og som ivrar for deltaking på festivalar. Svein fyller opp leilegheiter og hus der det skjer!

Ein stor takk til Svein.

Det er ingen som slår Svein i å danse alle dansar med stor glede, 10 timer kvar dag går fint! Og der andre må stå over dansar fordi dei ikkje kan dansen, dansar Svein vidare, for han kan alle kjende dansar. Eg utnemner hermed Svein Aasen til «**Dancer of the Century**»!

Då det er ein del fakta i dette Hallingljom vil eg liste opp dei dansane eg veit at Svein kan: *Numedalsspringar, Numedalsgangar, Valdresspringar, Bonde, Hallingspringar, Telespringar, Telegangar, Rørspols, Finnskogspols, Nordlandspols, Innherredspols, Springleik, Vossarull, Jølstraspringar, Fanasppringar, alle Gamaldansar, mange Turdansar., Folketango, Folkeswing, Bingsjøpolka, Bodapolska og sikkert nokre til?*

Svein kjem frå Rollag i Numedal, men har budd i Oslo heilt sidan han utdanne seg til ingeniør på Oslo Ingeniørhøgskule for 50 år sidan.

Terje Grangård

Imponert dansar i Hallinglaget

PS: Svein dansa med Hallinglaget i Lagdans dette år også – Takk for all støtte dei siste 20 åra.

5. oktober 2024: Stor JUBILEUMSFEST for HALLINGLAGET og VALDRESLAGET



Sindre Tronrud spelar valdresspel.



Åsmund Fauske Jøtun spelar hallingspel.

Hurra! Både Valdreslaget og Hallinglaget fyller 125 år i år! Begge laga er skipa i 1899!

Då er det ikkje noko å lure på: Meld dykk på til festen den 5. oktober kl. 19:00!

Det blir ein kveld ein vil minnast, det blir spel og dans av beste merke. Begge laga har særskilte spelemenn i sine rekker. Festen vil starte i sju tida og vare til omlag halv eitt! - til den særskilte rimelege pris: **kr. 150 for studentar, kr 250 for medlemar og kr. 350 for alle andre.**

Det blir ein minneverdig konsert, og særskilt godt dansespel utover kvelden. Mest bygdcedans men også litt gamalsdans. Festen varer i over 5 timer så me satser på minst seks spelemenn, tre fra hver kvart dalføre! Enkel servering, men både mat og drykk vil serverast ...

Påmelding ved å betale til Hallinglaget sin konto: 1254.05.18988, eller Vipps til: 737 811.

Merk betalinga med: Jubileumsfest

19.- 20. oktober: STORT HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

- med Ulf-Arne Johannessen, Åsmund Fauske Jøtun og ei kvinne!

Laurdag 19. oktober og Sundag 20. oktober, begge dagar frå kl. 12:00 – 16:00.

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktør: Ulf-Arne Johannessen, A-klasse dansar frå Ål som òg er Landskappleikvinnar i både springar og laus! I år vant han Dans Hardingfele A med to følgje, Ingunn Stræte og Margit Myhr!

Instruktør: Ei god kvinneleg dansar som vil syne oss jentedansen slik ho gjer den!

Spelemann: Åsmund Fauske Jøtun, A-klasse spelemann frå Gol som også er ein god dansar!

Mat: Det blir ei god matpause, der Laget sine støtte-spelarar vil sørge for dugurdsmaten.

Pris: Kr. 500,- for kurset, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen!

Superpris for studentar og ungdom som vil danse kr. 300,- (under 23 år).

Påmelding: så snart som råd! Helst innan 13. oktober for planlegging av mat og anna.

Betaling kan gjerast ved oppmøte! Vipps eller kontant!

Melding/e-post til: grangard@online.no eller SMS til 482 04 652.

Meld dykk på og bli ein betre dansar! Ta gjerne med ein ven også ... det er også eit grunnkurs!

Hallinglaget i Oslo – Hausten 2024

Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er danseøvingar desse onsdagane:

For meir info.: Meld dykk på e-post-lista til Hallinglaget, eller bli ven på Facebook!

- 28. aug.** Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.
11. sep. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.
25. sep. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.
 9. okt. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00. -
 23. okt. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00. -
 6. nov. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00. -
20 nov. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00. -
4. des. Juleavslutning med masse dans og kaku kl. 19.00 – 22.00.
 Utdeling av diplom til ihuga dansarar!

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 1. september: FOLKEDANSKVELD med Hallinglaget

Kl. 18:00 : Minikurs i hallingspringar!

Instruktør: Ulf-Arne Johannessen. Dansespel: Åsmund Fauske Jøtun.

Møt opp! Her lærer du å danse hallingspringar på 1-2-3.

Kl. 19.30: Folkedanskveld med meir dans og moro. Bærum Speleemannslag spelar.

*Kurs og dans, vaffel, kaffi/te inkludert til særslag pris for studenter lik 100 kr.
Elles 150/200 (For medlemer. / Ikkje medlemer).*

Laurdag 5. oktober: 125 års Jubileumsfest! Frå ca. 19:00 – 24:30.

Både Hallinglaget og Valdreslaget er 125 år dette året, og slår seg saman for å feire stort. Her blir det mykje bra frå Valdres og Hallingdal. Det blir ein super konsert og gnistrande dansespel (bygdedans og noko gamaldans) og servering av mat og drykk. Sindre Tonrud (VL) og Åsmund Fauske Jøtun (HL) vil spele og dei planlegg programmet. Begge Laga har særslag krefter som stiller opp. Påmelding! Meir info. kjem!

Pris kr. 150 for studentar, kr 250 for medlemar og kr. 350 for alle andre.

19. og 20. oktober: Stort helgekurs i Hallingspringar!

Laurdag og sundag, begge dagar frå kl. 12:00 – 16:00.

Med dei beste instruktørane og dansespel som er å oppdrive denne helga!

Ulf-Arne Johannessen er klar til å instruere, og det blir med ei særslag kvinneleg dansar, me håper at Ingunn Stræte vil kome !

Det blir dansespel ved Åsmund Fauske Jøtun Møt opp! Her kan du bli ein folkedansar på ei helg! Mange før deg har klart der ...

Pris: kr 500,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!

(NB! Pris for studentar og ungdom under 23 år: 300 kr). Påmelding!

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Info. finn også på www.hallinglaget.net og Facebook: Hallinglaget i Oslo

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (482 04 652), (grangard@online.no)

Åsmund Fauske Jøtun (938 33 229), (aasmundfauske@gmail.com)

Gro Sissel Taraldrud: (480 34 943), (gstaraldrud@gmail.com)

Hallingbu

Året starta i januar med ei sær hyggeleg melding frå Ingeleiv Berstad i folkemusikkbandet Lady Hardanger. Ho ønska seg å spele konsert i marka med Lady Hardanger og såg for seg at Hallingbu som utgangspunkt ville vera midt i blinken. Ho skriv blant anna at den viktigaste grunnen til at dei ynskjer å spele i marka er at det er ein magisk plass å vera som kan bli enda meir magisk med musikk, og at dette også kunne vera ein gyllen moglegheit til å få laga noko merksemd rundt hytta. Lady Hardanger består av positive og praktiske folk, dei treng ikkje noko lydanlegg og vil bera instrumenta sine med seg inn, evt. må me sette opp ein duk/presenning mellom nokre trær og hytta i fall det vert regn. Nå viste det seg at gruppa hadde meir enn nok å helde på med denne våren og sumaren, men me er positive til prosjektet og satsar på at det kan bli ei flott oppleving neste sumar, for dette hadde vore triveleg å hatt på Hallingbu! ☺



Her ser me den fine gjengen spise lunsj i det grønne! Det er så fint å sitja ute på Hallingbu når det er godt varmt vær.

Frå venstre:
*Antina, Else,
Svein og Trond.*

Fotograf: Terje

Fyrste juni vart det ein dagnads/hyggetur til Hallingbu, med Terje, Antina, Trond, Svein og Else. Me fekk rydda og kutta ned småbusker og kratt ute- for ein ting som er heilt sikkert er at det gror godt rundt hytta. Mens ein dyktig leiar starta med å løsne og tilpasse vannbrettet til det store stuguglaset vaska andre godt over inne, og rydda rundt, noko som også trengtes. Så vart badesesongen opna, og etter ein del møyefant me stigen ned til Ormtjern. Vatnet var godt, herlege fridom å bli omfavna av eit stille skogsvatn og symje utover og over til Giselas hytte. Dagen bau på godt ver og vart avslutta med grilling ute og god prat rundt maten.

Spikjkjøtturen som me hadde glede oss til falt ut i år pga. därleg ver, triste saker, men slikter er dessverre umogleg å styre. Elles er Hallingbu under utbetring for: Det store glaset i stugua heldt på å ta kvelden for godt! Men vår leiar og vår kjære måler og hyttestyremedlem Johnny Lund driv på med å fikse glaset, og takka vere iherdig innsats kan glaset reddast og bli godt som gull att - tusen takk til dei to! Det er meir info. om dette arbeidet i bladet ...

Åsmund med fleire venner har vore på soppturar rundt Hallingbu og det ynglar med sopp i skogen!!., på ein tur fant dei 4 kilo sopp, på mange hemmelege plassar.. ☺ Hugs å vitja den trivelegaste hytta og plassen i skogen, håpar mange ynskjer seg det og ser verdien i å ha ei eigen hytte midt i Oslomarka-paradiset, der alle er varmt velkommen!

else

Reparasjon av stoveglaset på Hallingbu

Det var ei sjokkarta oppleving å sjå kor därleg stoveglaset på Hallingbu var denne våren!

Me visste at vannbordet var kleint, underteikna hadde laga eit nytt i snikkarboden sin i Flå og me trudde jobben var å bytte ut det, og flikke på med litt meire kitt og måle glaset med god oljebasert kvitmåling!

Men nei! Då det gamle vannbordet var tatt vekk såg me at deler av den nedre glaskarmen var rotna bort og då målarmeister Johnny Lund tok fatt på inspeksjonen var konklusjonen klar: glaset måtte anten totalrenoverast om det skulle reddast eller eit nytt måtte skaffast og monterast! Eg må innrømme at eg felte ei tåre eller to då!

Men då vår nye stjernemedlem i Hyttestyret ville være med å renovere glaset såg eg meir lysare på situasjonen sjølv om eg skjønte at det ville krevje 5 – 6 dagsturar til Hallinglaget for å få jobben gjort! Det var krevjande men heilt naudsynt å redde glaset! For framtidige utbetringar så vil sjølve arbeidsprosedyrane også beskrivast her, no når me har ekspertisen i laget ...



Her er stoveglaset halvpussa! Johnny pussa sær grundig for det er så viktig å få vekk alt!

Stoveglaset er no redda etter iherdig innsats: omfattande pussing, grunning, kitting og måling ...

Det er sær viktig å få vekk alt som er laust og me tok ein to dagars tur med pussing og grunning!

Underteikna kan skimtaast inne i hytta, glaset måtte også pussast innvendig og behandlast med

Trebitt Oljebeis med farge 0623 Burmateak som var brukt før!

Ekstra info.: Problemet om me skulle ha bytta heile glaset som er så stort som om lag 1,60 x 1,80 m: Kvifor sette våre folk i Hallinglaget inn eit så stort glas på 50-talet? At det som var der før var like stort? – eller at dei fekk det «rare og store» glaset billig?... Kostnadene med eit nytt glas hadde blitt veldig store (>50 tusen?) – dei ville ha kravd ein erfaren snikkar og spesialbestilt glas – og korleis få frakta inn eit så stort glas gjennom skogen opp til hytta vår. Berre å få det inn i ein bil hadde vore vanskeleg! Eg har seinare fått vite at ei løysing hadde vore å kjøpe to glas og sette dei inntil kvarandre, eller å sette inn eit mindre glas, men då måtte ein lage til ny vegg både inne og ute under glaset!

**Det beste er utvilsamt det som vart bestemt: å reparere glaset etter faglege kompetanse!
Johnny og eg tok på oss jobben sjølv om det vil krevje fleire dagar med arbeid! Takk til oss!**



Det å reparere eit glas på ein god måte krev både tolmod og kompetanse. For assistenten Terje vart det krevjande å drive på å pusse på glaset i timevis. Tungt var det også for ein som ikkje er handverkar til dagleg.

Her ser me målaren Johnny Lund som fjerna all gammal kitt og maling på stoveglaset! Etter det var det ikkje mange cm att med kitt. Då såg glaset gamalt ut!... Eg pusta letta ut og var nøgd når grunninga var gjort!



Det superviktige med grunninga er å legge på den kvite malina (tynna ut med 10% whitespirit) også i den spalta der kittet skal leggjast (også på glaset!).

Johnny har eit smittande godt humør, noko som gjorde at arbeidet gjekk lettare.

Me smilte enno breiare når glaset var kitta ferdig, det må ha vore fleire meter med kitt, minst 1,5 kilo vart lagt på!



Kittinga er ferdig etter ein hard dugnad den 21. juli. Heldigvis hadde Johnny kitta før! Glaset er no klart til måling på neste dugnaden.

Glaset er så stort at Terje var sliten etter all kittinga. «Som avkopling» fekk han felt inn tilpassa trebord i den skada karmen nederst.

Gleda var stor då me såg at glaset var redda.

Referent: Terje Grangård

Historisk artikkel: Hallingbu si historie.

På 1950-talet hadde Hallinglaget ei nemnd som skulle arbeide for å skaffe ei hytte eller tomt. Denne nemnda arbeide i fleire år med dette, dei hadde fleire tilbod som dei var og såg på, men dei fann ikkje noko dei syntest var tilfredsstillande.

Men så! – hausten 1955 kom dei i forbindelse med tannlege Arisholm frå Oslo. Han skulle selje eigedommen sin «Holmsbu» ved Sinober i Lillomarka. Til hytta høyrde det med ei over 10 dekar tomt, Etter nærmere befaring av staden ved Trygve Tollefsen, H. Magnetun, Anders Brenno, Thorleif Skarsgard og Knut Sørbøl vart dei einige om at staden måtte passe godt. Dei vart einige med Arishom om ein kjøpesum på kr. 20.000 for staden med innbo og løsøre.

Den 13. oktober var det halvårsmøte i Hallinglaget. Der gav Knut Sørbøl på vegne av hyttenemnda ei utgreiing av sakji, og nemnda fekk fullmakt til å ordne kjøpet. 20. oktober vart kjøpekontrakta underteikna og hytta kunne takast i bruk. Dermed vart (som det står i den fyrste hyttebokji) «eit ønske og ein draum for Hallinglaget virklighet». Det vart bestemt at namnet skulle være «**Hallingbu**». Den fyrste dugnaden på Hallingbu var halde alt den 23. oktober! Dei hadde ingen tid å miste.

Avskrift ved Terje

Folk i farta:

Lars Fivelstad Smaaberg flytter til Bergen!

Han skriv: Etter tre fantastiske år i Oslo, har denne hallingdølen sett seg te å køyre flyttelasset over att til Vestlandet. Regnvêr og 13 grader året rundt kalla, og kva kan vel måla seg med ujamn takt? Neidå, eg flytter tilbake til Bergen, til ein spennande jobb som rådgjevar innan arkiv og personvern hjå Interkommunalt arkiv i Hordaland. I dette utgåtte fylket reiser eg rundt med bil og båt til alle kommunane og hjelper dei med gamle papir, nye dataprogram, samt både ekte og kunstige intelligensar.

Og dansen og musikken er med over fjellet. Og rett som det er, så håpar eg at me sjåast i både Aust og Vest. Dette er ikkje eit/ein/ei hade. Eg kjem hvertfall til å sakna å vera i Hallinglaget.

Mykje love til dikkon alle <3

Frå Lars

Lars Fivelstad Smaaberg er no også i A-klassa i vokal! (Han er super A-klasse dansar!)



Foto: Gro B. Røiland / Bø blad. - Magnhild Garnås Haugen (Hjartdal) vant vokal klasse B på LKL i Gol og fekk fyrste napp i A. Lars Fivelstad Smaaberg (Gol) vart no. 2 – so bra!

Tredjeplassen gjekk til **Sigrid B. Berg** som var reist heim te mann og barn! Vår venn Lars og Sigrid fekk sitt andre opprykk til A og stiller i A-klassa neste år! **Helga Myhr** kom på 4. plass og fekk også fyrste napp i A! Magnhild begynner på NMH (Norges Musikkhøgskole) til hausten og er alt invitert til ei øving i Hallinglaget... Alle desse er superdyktige og trivelege folk.

Kjetil Myhren savnet!!!



Kjetil Meberg Myhren vart meldt sakna etter Lanskappleiken på Gol 2024.

Han vart sist observert på Pers Hotell rundt klokken 01:33 laurdags kveld. Åsmund Jøtun Fauske skal ha spelt gauken over 10 gongar innanfor tidsrommet 01.15 – 01.30 da Kjetil ytret seg følgande.
-No orkar eg ikkje meir av denne gauken eg blir heilt koko.

Han skal ha teke med seg eit fenalår, eit fat med gomokaku, lommelerka til Ulf Arne Johannesen og eit ukjent antall feler.

Ein bonde frå Numedal, skal ha funne restar av eit reingnage fenalår og kakesmular i hønsehuset tidleg ein morgen. I Tinn har folkedansar, johannes dahle ekspert og gladgut Knut Boksasp Berge funne 10-12 røkne kvartar langsetter luråsgrenda.

Vi antar utifrå spor som er funnet, at tenåringen er på veg mot Rauland for å utvikle seg som felemakar og spelemann. Enten det eller så prøver han å finne nærmaste festlokale. for å få tak meir pils.

Frå Kjetil

Sluttkommentar frå Hallinglaget:

*Håper lesarane ikkje vart redde? – Kjetil studerer no i Rauland og me håper han vil stikke innom Hallinglaget når han er i Oslo, for makan til dansespelet han får til skal ein leite lenge etter!
Han var med og redde dansepelet på laurdagen under Lanskappleiken også ... Takk til ham!*

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2024

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 400,-.**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 220,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Styret håper at mange vil være medlem i Hallinglaget i Jubileumsåret! ... Det er berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Vipps kan også brukast, men dei tek 1,75% i gebyr! **Vipps** kode: **737 811.**

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 12 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19:30–22:00.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivilligregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Så om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.net

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: Hallinglaget

**TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ
FOLKEDANSKVELDAR – 2. HALVÅR 2024**

Følg med på www.bls.no for oppdatert oversikt

| Dato | Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag | Minikurs |
|----------------------|---|---|
| September '24 | | |
| 01. | Hallinglaget / Bærum Spellemannslag | Hallingspringar |
| 08. | Hordaringen / Østerdølenes Spellmannslag | Tralling i Pols |
| 15. | Folkedansnemnda og BUL? / Gudåmeleg | Arkivdansekurs Tema: Nordlandspols |
| 22. | Hardinglaget / Buskspillrader'n | Tango |
| 29. | Symra / Symradern og Att og fram | Sunnmørsspringar |
| Oktober '23 | | |
| 06. | Høstferie – ingen Folkedanskveld | |
| 13. | Hordaringen / Gudbrandsdølenes spelemannslag | Springleik |
| 20. | Valdreslaget / Bærum Spellemannslag | Valdresspringar |
| 27. | Hardinglaget / De Frilynde | Rørospols |
| November '23 | | |
| 03. | Folkedansnemnda og Numedalslaget / Eiker Spellemannslag | Arkivdansekurs Tema: Numedalsspringar |
| 10. | Symra / Symradern og Att og fram | Turdans |
| 17. | Leikarringen Frøy / Kveik | Setesdalsgangar |
| 24. | Hordaringen / Fanteladdene | Finnskogspols |
| Desember '23 | | |
| 01. | Folkedansnemnda / Fanteladdene og Farande Fant | Juleavslutning |

**Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Brunsgate 22, Oslo,
søndagar kl. 18.00 til 22.30.**

Inngang Folkedanskveld:

Medlemmer kr 150,- / ikkje-medl. kr 200,- / Studentar berre kr 100,-

Inngang Minikurs: same som over!

Dvs. at ein får Minikurset attpå! Og ein får også vaffel, kaffi eller té i pauza!

Beste helsing

Folkedansnemnda i BLS

Styret i Hallinglaget 2024-2025

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo

Tlf.: 482 04 652 – mobil
E-post: grangard@online.no

Nestleiar: Åsmund Fauske Jøtun
Dalehaugen 8, 0657 Oslo

Tlf: 938 33 229-mobil
E-post: asmundjotun@gmail.com

Kasserar: Gro Sissel Taraldrud
Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr

Tlf: 480 34 943 – mobil
E-post: gstaraldrud@gmail.com

Skrivar: Knut Skrindo
Bukken Bruses vei 21, 0851 Oslo

Tlf: 413 12 790 – mobil
E-post: knut@skrindo.no

Medlemer: Else Mohn
Stivivegen 86, 3677 Notodden

Tlf: 958 79 270 – mobil
E-post: helsemor@hotmail.com

Unni Johannessen
Bilbakken 3, 3570 Ål

Tlf: 926 84 876 – mobil
E-post: unni.johannessen@me.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo

Tlf: 482 04 652
E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Stivivegen 86, 3677 Notodden

Tlf: 958 79 270
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin og Johnny Lund.

Danseleiar: Ulf-Arne Johannessen

Tlf.: 477 56 565

Revisor: Alix Cordray

Tlf.: 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



{P}{B}

32%